



Alver kommune
Havnevegen 41 A
5918 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 103/7 Fjellanger - bruksendring våninghus og oppføring av bustadhus - dispensasjon

Vi vier til brev frå kommunen datert 24.08.2020. Saka gjeld dispensasjon for bruksendring av våningshus og oppføring av bustadhus. Saka har vore på høyring tidlegare, der Fylkesmannen foreslo ei anna plassering av bustadhuset jf. uttale av 02.07.2020.

Tiltakshavar har no kome med eit nytt forslag til plassering i grensa til naboeigedomen i aust. Slik vi forstår brev frå tiltakshavar er områda Fylkesmannen foreslo, oppgradert til fulldyrka jord dei siste 2 åra, og det er lite ynskjeleg å byggje nytt våningshus her. Om dette er riktig er vi samd i at dette vil vere ein dårleg plassering. Etter det vi forstår vil alle aktuelle plasseringar i nokon grad vere konflikthull. Dette gjeld også nytt forslag til plassering, som vil trenge ein ny tilkomstveg og vil liggje i utkanten av bruket på ei høgde.

Det er i dag ikkje drift på bruket, men tiltakshavar ønsker å starte opp med sau/geit. Det er i dag ikkje eit brukanes hus på garden. Vi legg til grunn at for å mogleggjere ny drift på bruket er det naudsynt med eit nytt våningshus.

Om kommunen finn det naudsynt- og grunn til å gje dispensasjon til nytt bustadhus på eigedomen legg vi til grunn at kommunen vurderer best mogleg plassering av bustaden med omsyn til landbruk og kulturlandskap.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til: